

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 22/24. Uttale i samband med oppretting av avtale mellom Hafslund Eco og Statskog SF om grunndisponeringstiltak ved rehabiliteringa av Nyhellerdammen

### Saksopplysning

Fjellstyret har fått oversendt til uttale frå Statskog SF ein del dokument som gjeld planlagde tiltak i samband med rehabilitering av hovuddammen på Nyhelleren. Ein del av tiltaka vil koma innanfor Aurland statsallmenning. Difor er Hafslund Eco avhengig av å inngå avtale med Statskog SF som grunneigar. I § 12 i Fjelleva står det: «*Grunndisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd, skal fjellstyret og i tilfelle allmenningstyret, ha hatt høve til å koma med fråsegn i saka.*» Statskog har difor bedt om fråsegn frå fjellstyret.

I oversendinga frå Statskog SF er det lagt ved følgjande dokument:

- Brev: Søknad om rettigheter på Statskog SF sin grunn
- Vedlegg 1: Notat vedr. erstatningsspørsmål i Statens høgfjell
- Vedlegg 2: Arealbruksplan
- Vedlegg 3: Detaljplan miljø og landskap Nyhellervatn datert 28.11.23
- Vedlegg 4: NVE vedtak miljø og landskap Nyhellervatn 29.1.24

Det vart den 4.1.24 halde møte på Hafslund Eco sitt administrasjonsbygg der utbyggjar informerte fjellstyret, grunneigarar og kommunen om prosjektet. Me fekk der ein grundig gjennomgang av dei planlagde tiltaka. Tiltaka som er planlagde på statsallmenningssgrunn, er i hovudsak følgjande:

- Steinbrot på halvøya mellom hovuddam og sekundærdam, under HRV
- Mellomlagring av massar på den same halvøya, om lag 30 dekar.
- Mellomlagring av massar under HRV, 66 dekar
- Utviding av anleggsveg mellom hovuddam og sekundærdam
- Utviding av vegen til lukehuset
- Sanering av kraftlinja frå Finndalen til lukehuset (berre siste del ligg i statsallmenning.)

### Vurdering

Fjellstyret har fått god informasjon om dei planlagde tiltaka, m.a. i møtet som er nemnt ovanfor og gjennom tilsende dokument. I tillegg er me lovde eit oppfølgingsmøte før sommaren, der ein skal drøfta tiltak for beitebruk, friluftsliv, jakt og fiske, med siktemål å gjera ulempene så små som mogleg for desse interessene.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 22/24, side 2*

Det kan såleis sjå ut til at desse interessene kan bli bra varetekne, trass i at det er eit kjempesvært arbeid som skal gjennomførast. Som det går fram av notatet som handlar om erstatningsspørsmål, har fjellstyret gjennom tidlegare skjøn fått fastsett erstatningar for skade på beite, jakt og fiske som kraftutbygginga førde med seg. Dei inngrepa som no skal gjerast kjem i tillegg til det som er erstatta tidlegare. Oppgjer for masseuttak vert eit spørsmål som må avklarast mellom Statskog og Hafslund Eco. Eventuelle oppgjer for massar vil gå inn i Grunneigarfondet. Det som fjellstyret kan peika på som erstatningsverdig, er grunn (beiteareal, 30 daa) som vert teken i bruk til mellomlagring av massar dei 3 åra anlegget skal føregå og nokre år etterpå, fram til revegetering har skjedd. Det same gjeld areal som går med til utviding av anleggsveg. I planen for miljø og landskap vert det skildra korleis terrenget skal takast vare på, m.a. ved at det skal leggjast på duk før massane vert lagde ut.

### **Framlegg til uttale:**

Det er eit stort anleggsarbeid som skal gjennomførast i samband med rehabilitering av Nyhellerdammen. Det meste av inngrepa skal gjerast på Hafslund Eco sin eigen grunn, men det vert og betydelege inngrep på statsallmenningssgrunn. Masseuttak under HRV, område for mellomlagring av massar både under og over HRV, utviding av anleggsvegar m.v. er mellom dei tiltaka som skal gjerast på allmenningen.

Fjellstyret forstår at dette er tiltak som vert gjort som følgje av statlege pålegg om damsikring, og at det ikkje er nokon veg utanom. Fjellstyret meiner at Hafslund Eco har lagt opp til eit godt løp når det gjeld informasjon om dei planlagde tiltaka til fjellstyret og andre aktørar, og at det er god von om at ulempene for allmenningsbrukarane ikkje skal verta for store.

Erstatning for masseuttak er noko som må avklarast i avtalen mellom Hafslund Eco og Statskog SF, der summene ein vert samde om går til Grunneigarfondet. Fjellstyret vil peika på at tap av beiteareal i anleggstida og seinare må kompensarast gjennom ein eigen avtale mellom Hafslund Eco og fjellstyret. Dette er nye tiltak som ikkje har vorte handsama i tidlegare erstatningsprosessar.

Fjellstyrekontoret, den 4.4.24

Harald Skjerdal